



Informasjon frå
Sunnhordland
Interkommunale
Miljøverk IKS

For hytteeigarar

MARS 2025 • ÅRGANG 32



Har du fått grønt kort?

Me har lagt ut 50 grøne kort på «Mitt SIM» for deg som hyttekunde. Logg deg inn via heimesida vår sim.as for å sjekke om du er ein av dei heldige vinnarane.

Heilårsabonnement for utleiehytter

Utleiehytter er å rekna som heilårshus og skal ha renovasjonsordning tilsvarende heilårshus. Det har kommunestyret i alle SIM sine eigarkommunar vedteke.

Eigarar av utleiehytter kan kontakta SIM for å få ordna abonnementet, tlf. 53 45 78 50.

Gebyroversikt finn du på www.sim.as

Grunna mykje misbruk og forsøpling rundt enkelte av våre hyttekonteinarar vil me kameraovervaka nokre av desse. Har du spørsmål om overvakinga, ta kontakt med SIM.



Kameraovervaka område

Har du fått grønt kort?



Me har delt ut 50 grøne kort til tilfeldig valgte abonnentar i våre eigarkommunar. Kortet gjev deg ei gratis levering av eit tilhengarlass (2 m³) med restavfall på ein valfri miljøsentral. For at du skal kunne sjekke om du har fått grønt kort må du skaffe deg brukar og logge deg inn på «Mitt SIM».

Ikkje høyrte om Mitt SIM?

Mitt SIM er ei side der du som abonnent har tilgang til ditt/dine abonnement hjå oss. Her kan du mellom anna få full oversikt over fakturaer, du kan endra abonnement eller melde frå om flytting.

Korleis får eg tilgang?

Du finn innlogging til «Mitt SIM» på **sim.as**. Me gjer merksam på at det er den som står som eigar av abonnementet hjå SIM, som har tilgang til sida. Du loggar enkelt og greitt inn via ID-porten med din føretrekte innloggingsmetode.

Kvifor?


Kvifor satsar på me ei slik side? Fleire og fleire nyttar mobil, brett eller datamaskin for å finne informasjon,

og for å utføre tenester, både frå det offentlege og det private. På «Mitt SIM» får du all informasjon om dine renovasjonstenester samla på ein stad, og du kan lett endre eller bestille tenester sjølv.

Framleis tilgjengeleg

Er du ein av dei som helst ynskjer å snakke med oss direkte er du sjølv sagt velkommen til det. Kundemottaket er opne mellom 09.00 og 15.00 kvar vekedag. Eller du kan kontakte oss på telefon 53 45 78 50 mellom kl. 10-14, eller e-post **sim@sim.as**.


*Frå juni 2023 har innlogging til tenesta «Mitt SIM» vore tilgjengeleg på vår heimeside **sim.as**, enten som eige ikon i toppen av sida (desktop) og under menyen øverst til høgre.*



Velg «Meny»

Gå til «Mitt SIM»


SIM vil leggje ut plassering av nye returpunkt for hytter på nettsida og i appen Mitt SIM. Her kan ein følgje med på kvar returpunkt for hytter er, og kvar det vil bli plassert ut nye punkt med høve til meir sortering. Ny konteinar og nye punkt for sortering vert oppdatert så snart det vert tilrettelagt.



Last ned appen ved å søkja på
«SIM tømme kalender» i **Google Play™**
eller **App Store®**, via: **app.sim.as**,
eller ved å skanne QR-koden.



Returadresse:
SIM
Meatjønnsvegen 43
N-5412 Stord



Renovasjons- og slamtømmegebyr

SIM har som målsetjing at alle hytteabonnentar i kommunane Austevoll, Bømlo, Fitjar, Kvinnherad, Stord, Sveio og Tysnes skal ha likt servicenivå og like renovasjons- og slamtømmegebyr.

Årsaka til at gebyra varierar, er at kommunane legg på SIM sine grunnprisar,

Renovasjonsgebyret skal dekkja:

- Innsamling og slutthandsaming av avfall
- Kjøp og vedlikehald av hyttekonteinarar
- Returpunkt for glas- og metallemballasje
- Miljøsentralar (ein del av kostnadene vert betalt ved levering av avfall)
- Administrasjon og informasjon

Austevoll	1500 kr (per år)
Bømlo	1475 kr (per år)
Fitjar	1500 kr (per år)
Kvinnherad	1500 kr (per år)
Stord	1454 kr (per år)
Sveio	1663 kr (per år)
Tysnes	1625 kr (per år)

SIM sine hytteabonnentar betalar eit årleg abonnementsgebyr for renovasjonstenestene.

for å dekkja sine eigne kostnader med renovasjons- og slamtømmeordninga. Påslaget varierer frå kommune til kommune. Gebyret skal uansett ikkje vera høgare enn at renovasjonsordninga går i balanse.

Slamgebyret skal dekkja:

- Tømming av slamtanken
- Visuell kontroll av tanken ved tømming
- Transport av slammet
- Miljømessig og kostnadseffektiv handtering av slammet
- Administrasjon og informasjon

Slamtømming for hytter

I 2025 vert det slamtømming for hytter i **Kvinnherad**. Abonnentane kan få informasjon om tømminga på sim.as/slam. Det vert òg sendt ut varsel kva tid tanken vert tømt.

Spørsmål kan rettast til Norva24, som tømmer slam for SIM.

Telefon 52 79 29 70 eller 970 10 092.



OPNINGSTIDER MILJØSENTRALANE*

*Offentlege høgtidsdagar, heilagdagar, påskeaftan, julaftan og nyttårsaftan stengt.

AUSTEVOLL, PORSDALEN

Måndag og torsdag kl. 10.00–18.00

Perioden 1. april–30. sept.:

Annankvar laurdag (oddetalsveker)
kl. 09.00–14.00.

Perioden 1. okt.–31. mars.:

Siste laurdag i månaden kl. 09.00–14.00

BØMLO, HOLLUNSDALEN

Måndag og onsdag kl. 11.00–18.00
Tysdag og torsdag kl. 09.00–16.00

Perioden 1. april–30. sept.:

Annankvar laurdag (oddetalsveker)
kl. 09.00–14.00

Perioden 1. okt.–31. mars:

Siste laurdag i månaden kl. 09.00–14.00

FITJAR, SVARTASMOGET

Måndag kl. 10.00–18.00

KVINNHERAD, HUSNES INDUSTRIOMRÅDE

Måndag og onsdag kl. 11.00–18.00.
Tysdag og torsdag kl. 09.00–16.00

Perioden 1. april–30. sept.:

Annankvar laurdag (partalsveker)
kl. 09.00–14.00

Perioden 1. okt.–31. mars:

Første laurdag i månaden kl. 09.00–14.00

STORD, HEIANE MILJØSENTRAL

Måndag–torsdag kl. 09.00–18.00
Fredag kl. 09.00–15.00
Laurdag kl. 09.00–14.00

SVEIO, SVEIÅSEN

Tysdag og torsdag kl. 10.00–18.00.

TYSNES, EREDALEN

Måndag og torsdag kl. 10.00–18.00

Perioden 1. april–30. sept.:

Annankvar laurdag (partalsveker)
kl. 09.00–14.00.

Perioden 1. okt.–31. mars:

Første laurdag i månaden kl. 09.00–14.00



Kompostjord på lager

Kompostjord og plenblanding kan heile året kjøpast på SIM sine miljøsentralar, med atterhald om at me kan gå tom i periodar.

Kompostjorda kan nyttast på jordbruksareal, i parkar og private hagar, men bør

blandast med anna mold før planting. Plenblandinga, derimot, kan du så direkte i utan å blanda inn anna jord. Den består av halvt om halvt med kompostjord og sand.

Prisen er 450, kroner per m³/tonn, inkludert lessing.



SIM

Sunnhordland
Interkommunale
Miljøverk IKS

Meatjønnsvegen 43
N-5412 Stord
Telefon: 53 45 78 50

E-post: sim@sim.as
Nettstad: www.sim.as